

---

**Fra:** Thomas Terje Manger <Terje.Manger@uib.no>  
**Sendt:** onsdag 31. juli 2019 13.53  
**Til:** Einar Færø  
**Kopi:** torlman@online.no; Dag Sætre; Audun Sylta; Audun Sylta; Kjartan Nyhammer; Postmottak Radøy  
**Emne:** SV: Vassdam

Hei!

Takk for e-post! Me har forståing for at arbeidet vert gjort ei tid etter ferien. Det passar óg med at andreslåttan då er i rundballar.

Når me tenkjer tilbake, har det alltid sidan utvidinga av kyrkjegarden vore blautt langs den aktuelle muren, men ikkje på nær like omfattande som no. Dersom det ikkje hjelper med spyling og ny drenskum i holet som er grave opp bør de nok grava på ny langs muren.

Beste helsing

Terje Manger

---

Fra: Einar Færø <[Einar.Faero@radoy.kommune.no](mailto:Einar.Faero@radoy.kommune.no)>  
Sendt: tirsdag 30. juli 2019 10.54  
Til: Thomas Terje Manger  
Kopi: [torlman@online.no](mailto:torlman@online.no); Dag Sætre; Audun Sylta; Audun Sylta; Kjartan Nyhammer; Postmottak Radøy  
Emne: SV: Vassdam

Hei!

Eg var ein kort tur bortom holet som er grave opp og registrerer at det er blautt i det aktuelle området. Men eg registrer også at drencsystemet ikkje er heilt tett, og at det kan vera mogleg å få spylt gjennom leidningen på nytt. Eg trur også at det kunne vera fornuftig å etablere ein ny drenskum i holet slik at ein for ettertida får betre kontroll på vatnet.

Det er framleis ferietid slik at det ville vore fint om me kan få venta nokre veker til før me gjer konkrete tiltak.

Mvh  
Einar Færø  
Einingsleiar Drift

Mob.99098153

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Thomas Terje Manger [<mailto:Terje.Manger@uib.no>]

Sendt: 4. juli 2019 20:02

Til: Einar Færø

Kopi: [torlman@online.no](mailto:torlman@online.no); Dag Sætre; Audun Sylta; Audun Sylta

Emne: SV: Vassdam

Hei!

Etter at førsteslåttan no er ferdig, har Torleif Manger (som har grasslåttan på jorda) og eg sjølv sett på om det er mogleg å løysa vassproblematikken på bruk nr. 14 langs kyrkjegarden slik de føresler (e-post 22.05.19). Dette verkar umogleg, fordi ein ikkje kan kopla seg på leidning det ikkje ser ut til å vera avløp gjennom. Det har no samla seg store mengder vatn i dam ved kyrkjegarden (sjå vedlagt foto), og sørover frå dammen langs kyrkjegarden er det svært bløtt (sjå vedlagt anna foto). Det er ikkje teikn til blaute område lenger oppe på marka, anna enn det som det kraftige regnvêret dei siste dagane har etterlate seg.

Me drøfta tidlegare munnleg om kloakkleidningen frå slamavskillar ved huset vårt (Solendvegen 337) kunne vera del av årsaka. Denne leidningen går langt sør på den aktuelle enga, og her er det tilnærma tørt. Eg veit derimot ikkje om det er vanskar med leidningen der han kryssar annan grunn enn vår eigen eller om steinsette grøfter der er skadde. Kommunen overtok i 1996 ansvaret for denne kloakkleidningen på kyrkjegarden sin grunn (no utvida kyrkjegard og REMA1000). I samband med utviding av kyrkjegarden vart det inngått avtale mellom Radøy kommune ved dåverande ordførar, Olav Steinar Namtvedt, og meg sjølv som grunneigar. I avtalen, som er underskriven av førstnemnde 20.03. 1996, står det i punkt. 3:

"Radøy kommune overtek ansvar for vedlikehald av eksisterande kloakkgrøft på statleg grunn. Kommunen garanterer for at steinsette grøfter frå attverande jordbruksareal på bnr. 14 får avløp ved utviding av kyrkjegarden og at det ikkje vert tilsig frå kyrkjegarden inn på bnr. 14."

Slik me ser det er dei nemnde problema knytte til det arbeidet som tidlegare er gjort ved utviding av kyrkjegarden og dreneringa langs muren, eventuelt i tillegg til endringane og byggearbeidet lenger sør/sørvest. Me vil svært gjerne vera med å løysa problema med den store dammen, men ser ikkje at me kan oppnå noko betring med å gjera som de har føreslege. Eg har forståing for at det er ferietid, men ber om at tilgjengeleg personale i kommunen tek ei ny synfaring no når dammen er langt djupare og vidare enn under sist synfaring. Både eg og Torleif Manger kan eventuelt bli med på ei slik synfaring.

Beste helsing

Terje Manger

---

Fra: Einar Færø <[Einar.Faero@radoy.kommune.no](mailto:Einar.Faero@radoy.kommune.no)>  
Sendt: onsdag 22. mai 2019 09.04  
Til: Thomas Terje Manger  
Kopi: [torlman@online.no](mailto:torlman@online.no); Dag Sætre; Audun Sylta; Audun Sylta  
Emne: SV: Vassdam

Hei!

Eg har fått inn opplysningar frå driftsoperatørane våre om at leidningen som ligg langs kyrkjegarden er operativ. Dette er påvist ved bruk av kamera. Leidningen vart også reingjort (Birkeland spylte rein leidningen) når det vart lagt ny vassleidning til "øvre Manger".

Vår konklusjon er difor at de sjølv må løysa vassproblematikken dykkar. Dette er etter vår meining mogleg å få til ved å kopla dykk direkte til drenslidningen langs kyrkjegarden med eit nytt gren.

Om det framleis skulle vera noko som er uklart ta kontakt med Dag Sætre mob.474 62 658.

Mvh  
Einar Færø  
Einingsleiar Drift  
Mob.99098153

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Thomas Terje Manger [<mailto:Terje.Manger@uib.no>]  
Sendt: 15. mai 2019 14:25  
Til: Einar Færø  
Kopi: [torlman@online.no](mailto:torlman@online.no)  
Emne: Vassdam

Hei!

Eg viser til tidlegare kontakt med deg om vassdammen ved muren til kyrkjegarden. Torleif Manger har no grave opp der vassamlinga er, og elles lagt ned ein god del arbeid for å finna løysing. Han kom under arbeidet med gravaren på traktor til å bryta sekstommsrøyret som går langs kyrkjegardsmuren. Det verkar sannsynleg at vanskane ligg i grøfta som vart lagt då kyrkjegarden vart utvida. I det store holet som Torleif no har grave er røyrendane godt synlege. Frå nord renn vatnet ganske fint inn i holet som er grave, mens røyret som går mot sør synest å vera tett (vatnet står i dag kring fem tommar opp i røyret). Det er også blautt vidare langs muren mot sør. Det kan óg vera grøfter lenger sør, mot eller bak REMA1000, som er tette. Me trur at det er svært lite sannsynleg at jordbruksmaskiner har skada grøfter på marka vår.

Me vil setja pris på at de har ny synfaring. Torleif og eg har drøfta om det kan lata seg gjera å staka eller helst sprøyta vatn med brannslange inn i røyret mot sør. Dette for å undersøkjja om det kan ha hopa seg opp skit i røyr av denne sorten (skit kan leggja seg i rillene og samla seg opp). Uansett må det som er grave ut liggja ope ei tid, slik at ein kan følgja utviklinga.

Eg kontaktar deg seinare om saka.

Beste helsing

Terje Manger